

# Musea i Sogn og Fjordane

---

Til: **Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/Jan Heggheim og Ingebjørg Erikstad**  
Frå: **Musea i Sogn og Fjordane v/Kjartan Aa Berge**  
Kopi: **Styreleiar Laura Kvamme og museumsfagleg seniorrådgjevar Thomas Walle**  
Dato: **4.februar 2019**

## **Notat: Om overgangen til Vestland fylke og mogelege konsekvensar for MiSF**

### ***Innleiing***

Vi syner til møtet med fylkeskulturadministrasjonen 29.januar der MiSF vart bede om å utarbeide eit notat knytt til korleis MiSF ser føre seg konsekvensane av Sogn og Fjordane fylke og Hordaland fylke vert samanslegne 1.januar 2020.

Vi syner også til Kulturdepartementet sitt brev til Sogn og Fjordane fylkeskommune dagsett 30.januar 2019 med avslag på søknad om investeringstilskot for Kløften<sup>1</sup>, samt vårt tidlegare brev Sogn og Fylkeskommune om MiSF sine investeringsbehov.<sup>2</sup> Vi vil vidare peike på forankringa vår i den reviderte strategiplanen til MiSF<sup>3</sup> som styret vedtok 1.november 2018, og då særleg punkta 5.5, og 5.6 om investeringsplanar, samt punkta 7.10, 7.11 og 7.12 om tiltak knytt til konsekvensane av kommune- og regionreforma for MiSF. Her vil vi peike på at fleire kommunesamanslåingar vil direkte påverker MiSF<sup>4</sup>, til dømes har vi allereie fått oppseiing av driftsavtalen om Anders Svor Museet frå Nye Volda kommune.

Vi har dessutan sett nærmere på kapittel 6 i utgreiinga av oppgåve – og ansvarsfordelinga mellom forvaltningsnivåa på kulturområdet som kom som vedlegg til Kulturmeldinga, samt Kulturrådet sin Museumsstatistikk for 2017.

### ***Usikkerheitene knytt til kulturmeldinga og fordelingsnøklane for statleg og fylkeskommunal støtte - ny fordeling, men ikkje auka tilskot – ny konsolideringsprosess***

I kapittel 6 i utgreiinga om oppgåvefordelinga mellom stat<sup>5</sup> som følgde Kulturmeldinga er det klare signal på at det blir vesentlege endringar i fordelingsnøklane mellom stat og fylke, utan at det er i

<sup>1</sup> Jfr svarbrev/avslag frå Kulturdepartementet «Sogn og Fjordane fylkeskommune - svar på søknad om investeringstilskot» dagsett 30.januar 2019.

<sup>2</sup>Brev sendt frå MiSF til SFFK dagsett 31.august 2018

<sup>3</sup> [http://misf.no/sites/default/files/2018-11/Revidert%20Strategiplan%202018-2021\\_plandokument\\_vedteke%20011118.pdf](http://misf.no/sites/default/files/2018-11/Revidert%20Strategiplan%202018-2021_plandokument_vedteke%20011118.pdf)

<sup>4</sup> Sunnfjord kommune, nye Sogndal kommune, Kinn kommune og nye Volda kommune.

<sup>5</sup> <https://www.regjeringen.no/contentassets/5e234c77c6b24e839dd9a3783590ede/utredning-av-oppgave-og-ansvarsfordelingen-mellom-forvaltningsnivaene-pa-kulturområdet---kulturdepartementet-2018.pdf>

signalisert auka rammer til museumsfeltet. Ifølge Kulturrådet vil dei faste fordelingsnøklane for statlege tilskot bli løyst opp<sup>6</sup>.

I praksis betyr at dei nye regionane kan få dele opp mot en 1,5 milliard kroner utan at det er klart kva fordelingsprinsipp som skal nyttast.

I tillegg til dette skal det etablerast ein ny fordeling på regionnivå. Slik regional fordelingsnøkkelen er heller ikkje avklara<sup>7</sup>.

Slik MiSF forstår saka vil dette innebere at det ligg føre ein dobel risiko for at det kan bli endringar i fordelingsnøklane for dei økonomiske rammene som til no har kome frå staten.

I tillegg er det annonsert ein ny konsolideringsprosess med ytterligare reduksjon av talet på konsoliderte museer til 25-30 innan ti år<sup>8</sup>. Grunngjevinga for dette er at det er framleis eit utnytta potensiale for auka fagleg effekt, samt ytterlegare effektiviseringsmogelegeheter.

MiSF si målsetting i ei ny konsolideringsrunde er at vi skal vere mellom dei 25-30 konsoliderte musea som står att etter den nye konsolideringa.

#### ***Analyse av dagens økonomiske situasjon for musea i Hordaland og Sogn og Fjordane***

Den mest komplette oversikta over dei finansielle høve i museumssektoren finn vi i Kulturrådets museumsstatistikk. Den siste statistikken - for 2017<sup>9</sup> - vart gjort offentleg hausten 2018.

På sidene 88-107 finn vi Kulturrådet sine vurderingar og nøkkeltal for musea i Hordaland og Sogn og Fjordane.

#### **Overordna analyse**

Vi har gått igjennom tala som gjeld dei musea i Hordaland og Sogn og Fjordane som er ein del av det nasjonale museumsnettverket. Dette syner store skilnader mellom fylka. På aggregert nivå får vi denne tabellen:

---

<sup>6</sup> Jfr Utgreiinga kapittel 6, pkt 6.2.3, side 70.

<sup>7</sup> Jfr samtal Kulturrådet 28.januar 2018

<sup>8</sup> I dag er det 63 konsoliderte museer i det nasjonale museumsnettverket.

<sup>9</sup> <https://www.kulturradet.no/documents/10157/efa6bc7e-6083-427d-956d-6b93c28f55f3>

	<i>Sum</i> <i>Hordaland</i>	<i>Musea i Sogn og Fjordane</i>	<i>Differanse Samla Hordaland og MiSF</i>
(kjelde: Museumsstatistikken 2017, Kulturrådet)			
<b>Driftstilskot frå KDEPT støtte i kr (i heile 1.000)</b>	86 220	35 510	50 710
<b>Driftstilskot frå region i kr ( i heile 1.000)</b>	133 996	21 170	112 826
<b>Driftsstøtte frå KDEPT i %</b>	39 %	63 %	-24 %
<b>Driftsstøtte frå region (fylke/kommune) i %</b>	61 %	37 %	24 %
<b>Samla offenteg driftstilskot i kr (stat/fylke/kommune) (i heile 1.000)</b>	220 216	56 680	163 536
<b>Omsetnad i kr (inkl eigeninntekter)</b>	394 449	65 239	329 210
<b>Samla driftskostnadar (i heile 1.000)</b>	384 411	60 393	324 018
<b>Årsresultat i kr (i heile 1.000)</b>	9 451	5 115	4 336
<b>Resultat i % av driftsinntekter</b>	2,4 %	7,8 %	-5 %
<b>Eigenkapital i kr (i heile 1.000)</b>	124 289	9 275	115 014
<b>Eigenkapital i % av driftsinntekter</b>	31,5 %	14,2 %	17 %
<b>Årsverk (løna)</b>	336	55	281
<b>Besøk</b>	806 080	66 830	739 250
<b>Tal innbyggjarar i fylket ( per 1.januar 2018, kjelde: SSB)</b>	522 539	110 230	412 309
<b>Samla offentleg støtte per besøkande (i heile 1.000)</b>	273	848	-575
<b>Samla driftskostnadar per besøkande (i heile 1.000)</b>	477	904	-427
<b>Driftstilskot frå KDPT per innbyggjar i fylket (i kr)</b>	165	322	-157
<b>Driftstilskot frå region per innbyggjar i fylket (i kr)</b>	256	192	64
<b>Driftstilskot frå KDPT per museumsårsverk i fylket (i kr)</b>	256 607	645 636	-389 029
<b>Driftstilskot frå region per museumsårsverk i fylket (i kr)</b>	398 798	384 909	13 889

Desse tala syner at musea i Hordaland samla mottok 86 mill. kroner frå staten i årlege driftstilskot, medan MiSF mottok 35 mill. kroner i 2017. Hordaland mottok såleis 51 mill. kroner meir på aggregert nivå.

På regionalt nivå mottok musea i Hordaland 134 mill. kroner mot MiSF sine 21 mill. kroner, ein skilnad på 113 mill. kroner. Prosentuell fordeling mellom stat og region blir såleis 39%/61% i Hordaland og 63%/37% i Sogn og Fjordane. Det er med andre ord ein skilnad mellom statleg og regional driftsstøtte på 24 prosentpoeng.

Når vi tek omsyn til driftstilskot frå staten i høve til innbyggartala i dei to fylka ser vi at musea i Hordaland mottok 165 kroner per innbyggjar, medan MiSF mottok 322 kroner per innbyggjar. MiSF mottok dermed dobbelt så mykje i statleg driftstilskot som Hordalandsmusea i høve til innbyggartalet i fylket.

Berekninga for regionale driftstilskot syner at Hordaland med kommunane bidreg med 256 kroner på innbyggjar, medan tala for Sogn og Fjordane syner 192 kroner per innbyggjar. Hordaland (fylke og alle kommunar) bidreg altså med 64 kroner meir per innbyggjar per enn det fylke og kommunar gjorde i Sogn og Fjordane i 2017.

Dersom vi ser på statlege tilskot per museumsårsverk får musea i Hordaland 256.607 kroner per årsverk, medan MiSF får 645.636 kroner per årsverk. MiSF får med andre ord over dobbelt så mykje i statleg driftsstøtte som musea i Hordaland per årsverk.


På regionalt nivå ser vi at driftstilskotet per årsverk var ganske likt; i underkant av 400.000 kroner per årsverk.

Berekningane syner at det er store skilnader i samla driftstilskot per besøkande; MiSF får 575 kroner meir i offentleg støtte per besøkande enn det ein får i Hordaland. Sameleis ser vi at Sogn og Fjordane har omlag dobbelt så høge driftskostnader per besøkande enn i Hordaland. Ifølge museumsstatistikken er landsgjennomsnittet for driftskostnad per besøkande på 479 kroner. Dette betyr at Hordaland ligg på landsgjennomsnittet, medan MiSF ligg om lag dobbelt så høgt (904 kr). Ei nærliggande slutning av dette er at MiSF driv tilsynelatande dyrt! Men vi vil sjå nedanfor at de er skilnad mellom bynære museum og distriktsmuseum; både Museumssenteret i Hordaland og Hardanger Voss Museum har høgare driftskostnad per besøkande<sup>10</sup>.


På eit overordna nivå er det dermed grunnlag for å hevde at det ligg føre ein skeivdeling av statleg driftsstøtte mellom MiSF og Hordalandsmusea.

#### Samanlikning på institusjonsnivå

Dersom vi tek steget ned og ser på den enkelte museumsinstitusjon er biletet meir samansett.




<sup>10</sup> Museumssenteret i Hordaland har 1.460 kroner per besøkande og Hardanger Voss Museum har 1.372 kroner per besøkande.




Vi ser ovanfor at MiSF er den enkeltaktøren som mottok mest driftsstøtte i kroner frå staten i 2017. Omrekna til prosent ser vi at den relativt største mottakaren er Norsk Vasskraft- og industristadmuseum i Tyssedal, og MiSF kom som nummer to.


Når vi ser på regional driftsstøtte (frå fylke og kommune) var det KODE og Museum Vest som mottok mest kroner. Her var MiSF den tredje største enkeltmottakaren.




Dersom vi gjer ei analyse på soliditeten til musea får vi eit meir samansett bilet. Vi ser at Bergen Bymuseum og KODE er i ein krevjande økonomisk situasjon der dei har negativ eigenkapital, medan Bergen Sjøfartsmuseum og Baroniet i Rosendal er svært solide. Vi ser at distriktsmuseet Hardanger og Voss Museum har tredje største eigenkapital målt i krone og er har noko høgare eigenkapital enn MiSF.




Ser vi på besøkstal peikte Bymuseet i Bergen, KODE og Museum Vest seg særleg ut i 2017:



Tilsvarande ser vi at dei største arbeidsgjevarane var KODE, Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss Museum. MiSF var den fjerde største arbeidsgjevaren.



Når vi ser på samla driftskostnadar per besøkande var det Museumssenteret i Hordaland og Hardanger Voss Museum som hadde høgast driftskostnad, medan MiSF hadde tredje høgaste nivå. Det er kanskje ikkje så overraskande at alle desse tre kan reknast som distriktsmuseum. Når det er sagt så ser vi at distriktsmuseum som Baroniet i Rosendal og Norsk Vassdrags- og Industriadmuseum i Tyssedal hadde ein betydeleg betre kostnadsprofil enn dei tre førstnemnde.



Vi ser at det er svært store skilnader og føresetnader for alle musea i Vestland fylke.

Ein tilleggsrefleksjon her er at dei to største musea – Bymuseet i Bergen og KODE i Bergen er dei som har flest besøkande og svakast soliditet. KODE er dessutan den museumsinstitusjonen som fekk minst statleg driftsstøtte i 2017 av dei musea vi har sett på. Dette er tankevekkande når ein veit kor dei nye politiske kjøtvekta vil vere i den nye regionen.

### **Hordalandsmusea posisjonerer seg**

Ut i frå det ovannemnte er det ikkje overraskande at Hordalandsmusea ønskjer å posisjonere seg.

Og det er heller ikkje overraskande at det er nettopp det er KODE<sup>11</sup> og Bymuseet i Bergen<sup>12</sup> som har teke ein markant posisjon i media. Dei når mange i Bergen og omland med sin bodskap.

Sjølv om Hordalandsmusea vinklar dette mot Oslo, meiner vi at dette heilt klart også lesast med «MiSF-briller», då vi har svært høg statleg finansieringsandel.

Vi er elles kjent med at det er utarbeidd ein benchmark der MiSF er med som illustrasjon på «urettferdig» statleg støtte samanlikna med Hordalandsmusea<sup>13</sup>. Dette fortalde direktøren ved Bergen Sjøfartsmuseum om på Museumsforbundet sitt leiarmøte på Gardermoen hausten 2018. Denne analysen skal også ha blitt drøfta med stortingsbenken til Hordaland.

### ***Særskilt om magasinsituasjonen og Hordaland og Sogn og Fjordane***

I museumsstatistikken til Kulturrådet har vi også merka oss kva Kulturrådet meiner om magasinsituasjonen både i Sogn og Fjordane og i Hordaland.

Om KODE (s 94) kan vi lese:

«*Flere av museene i Bergen rapporterer om en anstrengt magasinsituasjon. Kulturrådet opplever ikke at et samarbeid om helt eller delvis felles løsninger for utfordringene er tilstrekkelig utredet, og oppfordrer lokale og regionale aktører til å se nærmere på dette.»*

I samtalar med dåverande direktør ved Museumssenteret i Hordaland våren 2018 fekk vi vite at det er planar om eit stort fellesmagasin i Bergensområdet på 8000 m<sup>2</sup>. Dette magasinprosjektet er dobbelt så stort MiSF sitt behov<sup>14</sup>.

Om MiSF står det følgjande i museumsstatistikken (s 106):

«*Museet fikk avslag fra nasjonale kulturbygg for 2018 på ombygging av fabrikkbygningene, men utvikler prosjektet videre fram mot ny søknad for 2020. I tillegg søker fylkeskommunen om å få*

---

<sup>11</sup> <https://www.bt.no/kultur/i/P38EW7/Kode-direktor-Petter-Snare-mener-det-er-n-regel-for-Oslo-og-n-regel-for-resten-av-landet>

<https://www.ba.no/ka-e-det-med-bergen/kode/kultur/kulturbyen-bergen-den-evige-budsjettpaper/s/5-8-954156?key=2019-01-03T12%3A35%3A36.000Z%2Fretriever%2Fa7b240bba0af8760117bbf9f0fd463c49f0e90c1>

<https://www.bt.no/kultur/i/Rx7aka/Oslo-tar-livet-av-Museums-Norge>

<https://www.tv2.no/a/10238762/>

<sup>12</sup> <https://www.ba.no/nyheter/pulsen/kultur/bymuseet-slar-okonomisk-alarm/s/5-8-694837>

[https://www.nrk.no/hordaland/fortviler-over-opprustning-av-middelaldertarn --publikum-moter-sperringer-stov-og-stoy-1.14155149](https://www.nrk.no/hordaland/fortviler-over-opprustning-av-middelaldertarn--publikum-moter-sperringer-stov-og-stoy-1.14155149)

[https://www.bt.no/kultur/i/yvrQqA/Museene-i-Oslo-har-dobbelt-sa-mange-besokende-som-i-Hordaland --men-far-seks-ganger-sa-mye-statsstotte](https://www.bt.no/kultur/i/yvrQqA/Museene-i-Oslo-har-dobbelt-sa-mange-besokende-som-i-Hordaland--men-far-seks-ganger-sa-mye-statsstotte)

<https://www.bt.no/kultur/i/J1Ez0X/Nedbemannar-pa-grunn-av-elendig-okonomi--Dette-er-forferdeleg-tungt>

<sup>13</sup> Vi har ikkje sett sjølve dokumentet.

<sup>14</sup> MiSF sitt samla areal ved Ramstad er estimert til 4000 m<sup>2</sup>

*realisert et kombinert utstillings- og magasinbygg («Kløften»). Magasinet her vil ifølge museet kun dekke 1/3 av museets behov. Magasinsituasjonen ved museet bør relativt raskt finne en løsning.»*

I vedlegget til avslaget frå Kulturdepartementet om Kløften-søknaden 30.januar 2019 har vi merka oss følgjande i Kulturrådet si museumsfaglege vurdering:

*«Kulturrådet viser for øvrig til søknad fra Musea i Sogn og Fjordane i 2017 for investeringstilskudd til å oppgradere et større fabrikkbygg ved Ramstad i Angedalen utenfor Førde. Museet har ikke søkt om dette igjen i år. Museet kjøpte bygget i 2017. Kulturrådet var positive til museets planer om forslaget til fellesmagasin. Vi mener fremdeles at det er behov for en fornøyet vurdering av om nybygget i Movika bør realiseres med et magasin.»*

Med Kulturdepartementet sitt avslag er det vår vurdering at Kløften med magasin ikkje er ei aktuell løysing. Då står vi att med eit signalbygg i Movika med nye kontor og ny formidlingsarena, samt ei betra parkeringsløysing.

#### ***Om klimaet for diskusjon om store nye investeringsprosjekt i Vestland fylke***

Sjølv om det ikkje vedkjem MiSF har vi elles merka oss den politiske krangelen om eigarskapen til SFE-aksjane. Der har det vore mange harde ord<sup>15</sup>.

I tillegg har nok våre nye samfylkingar i sør merka seg den omfattande pengebruken i Sogn og Fjordane i forkant av fylkessamanslåinga. Det mykje omtala vedtaket om oppgradering av fylkestingssalen på Leikanger til 12 millionar kroner kan ha blitt eit slags symbol på det<sup>16</sup>.

Med den politiske kjøttvekta som kjem i det nye fylkestinget har vi på ingen måte garanti for at vi kan får gjennomslag for våre behov i den nye regionen. Vi er bekymra for at SFE-saka og trur at den omfattande investeringsiveren i forkant av samanslåing kan bli brukt mot Sogn og Fjordane i lang tid framover.

#### ***Konklusjon om musea sin posisjonering mot Vestland fylke***

MiSF forventar ikkje å kome til «duk og dekka bord med mange nye moglegheiter» i ny region. Vi forventar tøff kamp om kulturmidlene. Det store spørsmålet blir korleis MiSF er budde på dette. Noko av dette kan vi gjere sjølve. Det viktigaste vi gjer er å tilpasse organisasjonen for framtida: i vinter gjennomfører vi ein omfattande organisasjonsprosess der vi mellom anna får hjelp frå PwC<sup>17</sup>. I tillegg jobbar vi aktivt med å utvikle våre relasjonar både mot våre nye museumskollegaer i Hordaland og mot den nye fylkeskulturleiinga i Vestland fylke.

---

<sup>15</sup> <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/6nJLgr/-Dette-vil-bli-husket>

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/LORGPR/-Jeg-opplever-dette-som-en-fiendtlig-handling>

<sup>16</sup> [https://www.nrk.no/sognogfjordane/eitt-ar-for-fylket-oppoyerer\\_-her-skal-dei-utvide-for-12-millionar-kroner-1.14327633](https://www.nrk.no/sognogfjordane/eitt-ar-for-fylket-oppoyerer_-her-skal-dei-utvide-for-12-millionar-kroner-1.14327633)

<sup>17</sup> I samband med organisasjonsprosessen har vi også etablert ein referansegruppe samansett av Laura Kvamme (styreleiar i MiSF), Cecilie Øien (administrerande direktør ved Museene i Akershus og styremedlem i Museumsforbundet), Hilde Charlotte Solheim (styremedlem i Anno Museum og Agder Museum) og Terje Planke (1.konservator ved Norsk Folkemuseum). Denne referansegruppa er ei ekspertgruppe som skal gje råd til administrerande direktør i MiSF i samband med prosessen.

Som kjent møter signalbygget Kløften berre delvis MiSF sine behov. Avslaget frå Kulturdepartementet og den tydelege meldinga om å revurdere magasinløysinga til dette prosjektet, kombinert med dei innmeldte investeringsbehova til MiSF, gjer det truleg ikkje enklare å skape forståing for at Kløften er det viktigaste prosjektet for MiSF i Vestland fylke.

Vi trur dessverre ikkje vi får nokon sympati eller spesial behandling frå våre museumskollegaer i sør eller frå kulturstyresmaktene dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune/MiSF framleis vil prioritere Kløften som grad møter dei samla museumsfaglege behova til MiSF. Vi er tvert imot overtydde om at dersom Kløften skal realiserast med fylkeskommunen si velsigning vil MiSF kunne bli museumstaparen i Vestland fylke. Vi er overtydde om at ei gjennomføring av Kløften-prosjektet vil føre til at det vil ta lang tid før MiSF kjem i posisjon til å få dekka sitt viktigaste museumsbehov, fellesmagasinet. Vi trur også at det blir mange år til vi kjem til å få løyst våre behov knytt til Holvikejekta og Norsk Kvernsteinsenter.

Å gå vidare med Kløften og samstundes oversjå MiSF sine konkrete behov trur vi derfor er svært uklokt og lite strategisk når vi no ser kva som er i ferd med å skje med rammeverksemda våre. I ein tøffare kamp om ressursane framover trur vi at det er dei museumsfaglege argumenta som står seg best i våre investeringssaker.

Med store omveltingar i rammeverksemda våre i løpet av få år og ny fylkeskulturredaksjon på plass i løpet av våren 2019, er det maktpåliggende å avklare korleis MiSF skal få hjelp frå fylkeskommunen til å løyse dei museumsfaglege utfordringane på ein best mogeleg måte framover.

Med vennleg helsing

Kjartan Aa Berge  
Administrerande direktør  
Musea i Sogn og Fjordane  
(sign)

## Vedlegg: Datagrunnlaget til samanlikningsanalysen

(Kjelde: Museumsstatistikkene 2017, Kulturrådet)	<i>Baroniet Rosendal</i>	<i>Bymuseet i Bergen</i>	<i>Hardanger og Voss Museum</i>	<i>KODE Vest</i>	<i>Norsk Vasskraftsenteret i Indland</i>	<i>Museums- og Industristad Sjøfartsland</i>	<i>Sunnhordland museum</i>	<i>Sum</i>	<i>Gjennomsnitt</i>	<i>Museer i Sogn og Fjordane</i>	<i>Differanse fra Hordaland og Mifjord</i>
Driftstilskot fra KODEPT støtte i kr (i hele 1.000)	1 390	17 600	10 450	23 350	9 510	11 610	6 640	2 580	3 050	86 220	9 580
Driftstilskot fra region i kr (i hele 1.000)	1 689	15 365	13 987	56 682	24 572	12 375	2 571	3 350	3 405	133 996	14 888
Driftsstøtte fra KODEPT i %	45 %	53 %	43 %	29 %	28 %	48 %	72 %	44 %	48 %	39 %	46 %
Driftsstøtte fra region (fylke/kommune) i %	55 %	47 %	57 %	71 %	72 %	52 %	28 %	56 %	52 %	61 %	54 %
Samla offentlig driftstilskot i kr (stat/fylke/kommune) (i hele 1.000)	3 079	32 965	24 437	80 032	34 082	23 985	9 211	5 930	6 495	220 216	24 468
Omsetnad i kr (inkl egeninntekter)	24 456	59 253	62 167	115 470	55 835	39 510	15 882	12 481	9 375	394 449	43 828
Samla driftskostnadar (i hele 1.000)	22 926	56 174	57 578	120 405	53 221	38 890	13 633	12 397	9 187	384 411	42 712
Årsresultat i kr (i hele 1.000)	21	3 421	4 710	-4 929	2 700	833	2 241	263	191	9 451	1 050
Resultat i % av driftsinntekter	0,1 %	5,8 %	7,6 %	-4,3 %	4,8 %	2,1 %	14,1 %	2,1 %	2,0 %	2,4 %	3,8 %
Eigenkapital i kr (i hele 1.000)	37 175	-5 821	10 583	-14 281	6 067	20 181	5 040	65 120	225	124 289	13 810
Eigenkapital i % av driftsinntekter	152 %	-9,8 %	17 %	-12,4 %	10,9 %	51,1 %	31,7 %	521,8 %	2,4 %	31,5 %	85 %
Årsverk (lona)	20	62	59	74	41	43	16	13	8	336	37
Besök	64 784	176 783	41 953	257 709	169 418	26 629	22 325	23 135	23 344	806 080	89 564
Tal innbyggjarar i fylket (per 1. januar 2018, kjelde: SSB)										739 250	110 230
Samla offentlig støtte per besøkande (i hele 1.000)	48	186	582	311	201	901	413	256	278	522 539	412 309
Samla driftskostnadar per besøkande (i hele 1.000)	354	318	1372	467	314	1460	611	536	394	353	384 909
Driftstilskot fra KODEPT per innbyggjar i fylket (i kr)											
Driftstilskot fra KODEPT per museumsårsverk i fylket (i kr)											
Driftstilskot fra region per innbyggjar i fylket (i kr)											
Driftstilskot fra region per museumsårsverk i fylket (i kr)											
Driftstilskot fra region per museumsårsverk i fylket (i kr)											